



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 2 - AUGUST 2012

17. ÅRGANG



”Gud har skapt alle blomstrane....”

AVE CRUX - SPES UNICA

Av Finn Arne Roaldsnes

Desse orda står på ei tavle i Fiksdal kyrkje. Dei tyder: Ver helsa kross, vår eine von.

Kross-symbolet har betydd mykje for oss gjennom hundrevis av år. Ja, krossmerket vart tillagt så stor makt at det vart nesten brukt i alle samanhengar. Difor var det òg naturleg å ha det som vårt merke i det norske flagget. Krossen fortel at vi høyrer til den kristne trua og har valt å leve etter dei verdiar og normer som kristendommen står for.

Krossen sin posisjon er stadig under press. Det er blitt vanleg å spørje: "Kvar og når kan vi bruke krossen?" Nokon tar bort krossen fordi det er sagt at han støyter folk. Krossen i klasseromma er for lengst borte. Vi ser at krossen vert borte der han naturleg skulle høyre heime. Presten Dahl talde opp kor mange krossar som vart brukte i dødsannonsane ein dag i ei svensk avis. Av femti annonsar vart krossen berre brukt to gonger.

Kva så med at krossen skal vere vår einaste von? Det er tydeleg at det ikkje er så absolutt lenger. Det ligg vel i tida at ingen ting er absolutt; difor er det svært få som vil forsvare krossen sin plass.

Men om vi vil tru noko annleis, så er krossen den vi må stole på når det kjem til stykket. Krossen er staden der Jesus gjorde opp for oss. Ingen andre var i stand til å sone våre brot overfor Gud og nesten vår enn Jesus. På krossen har Jesus gitt oss siger over døden og djevelen.

Visst skal vi ha mange håp, men når det gjeld livet etter døden, er krossen vårt einaste. Lat det difor stå i Fiksdal kyrkje og andre stader: **Ave crux - spes unica.**

Ei lita presisering:

I kyrkjebladet si påskeutgåve var det to sider om graver og stell av desse. I avsnittet om plante plass ved støtta står det, sitat: "Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting som blomsterurner, lykter og liknande i plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk." Dette har reist ein del spørsmål, for det er svært mange som ynskjer å montere lykt og blomstervase. Det er her presiseringa kjem inn. Neste avsnitt i kyrkjegardsvedtektene §7 som diverre ikkje vart med, lyder slik, sitat: "Dersom nokon monterer anna innramming enn det som er tillate, monterer faste dekorting på gravminnet/ i plantefeltet eller brukar lause dekorting, er det ikkje fellesrådet sitt ansvar, og det blir ikkje erstatta ved evt. skade under vanleg drift og vedlikehald på kyrkjegarden." Sitat slutt. Altså er slik montering tillate på eige ansvar.



Seinsommarglede

Av Espen Flølo

Forsidebiletet i denne utgåva av Kyrkjebladet er eit oljemåleri av Espen Flølo (1973-2005) frå 1995. Oljemåleriet er utan tittel, men eg har drista meg til å kalle det "Seinsommarglede" fordi blåfargen dominerer i biletet slik den gjer i floraen når det går mot haust. Samtidig symboliserer blåfargen melankolien og det triste, stemningar som ofte kan falle over oss når sommaren er på hell og vi veit det går mot haust. Dessutan veit vi at skorne eller plukka blomster vil visne sjølv om dei står i vatn. Vi ønskjer likevel å glede oss over dei så lenge det lèt seg gjere.



Espen gledde mange med desse første oljemåleria av frodige blomsterbukettar i pastellfargar. Mange slike måleri heng rundt i heimar i kommunen vår. Saman med naturbilete gjorde desse tidlege blomsterbileta det muleg for Espen å realisere den andre hobbyen sin; å reise. Di fleire bilete han fekk selje, di større inntekt og di fleire reiser.

Då Espen seinare utvikla teknikkar og utvida motivvalet, distanserte han seg noko frå desse harmoniske og enkle blomsterbileta. Han måla då ei rekke post-modernistiske og symboltunge måleri i sterke fargar. Eit av dei nye gjennomgangsmotiva no er sjø, naust og færingar mot ein bakgrunn av himmel og hav som går i eitt, altså som er både forgrunn og bakgrunn, notid og framtid. Om færingen ligg i ro, er på veg til ei trygg hamn i naustet, er på veg over livshavet eller

er midt i livet og aktiviteten, går ikkje fram av bileta. Her er det opp til oss å tolke. Det vi ser, er at blåfargen er sentral også no, slik den er i blomsterbileta. Desse symbolsterke måleria nådde ut til eit større publikum, og er å finne i vår kommune, i Noreg elles, hos Dronning Sonja og i USA.

Espen si store skaparglede og kreativiteten i å utfalde seg med olje på lerret, starta heilt konkret ein målardag på skulen. Han var 14 år, vart engasjert og melde seg straks inn i målarklubben i Tomrefjord. Lystig og sosial som han var, vart han eit friskt innslag i ein klubb som elles var dominert av pensjonistar.

Espen har sett varige spor etter seg sidan vi framleis kan fryde oss over livsglede han formidlar i mellom anna "Seinsommarglede", i livsperspektiva han viser oss i naustbileta sine, og i dei mange andre måleria han har etterlatt seg.

Kari Moe Elgsaas

Bli med på en viktig tjeneste!

Frivillige søkes til vår krisetelefon

Du får opplæring, veiledning og egenutvikling. Nytt, spennende innføringskurs starter i oktober i Molde og Ålesund.

Vaktene vil foregå fra egne vaktrom.

Det skal alltid være 2 på vakt.

Kirkens SOS har en døgnåpen tjeneste.

Ta kontakt nå for å få tilsendt mer informasjon.

Kirkens SOS

Postboks 409, 6001 Ålesund

Ring 70 10 09 92

more-romsdal@kirkens-sos.no

www.kirkens-sos.no

Aslaug Bjermeland, Tresfjord:

Glimt frå eit interessant og innhaldsrikt liv i kristen teneste

Av Kari Nakken

Aslaug vart fødd i Sandefjord i 1927. I 1943 gjekk bror hennar på landbrukshøgskulen på Ås. Då ho vitja han der, trefte ho Lars Bjermeland som gjekk på same skulen. Etter krigen gifta dei seg og flytta etter kvart til Tresfjord.

Begge var soldatar i Frelsesarmeen. Det var ikkje så lett å bli aksepterte, for Frelsesarmeen var noko nytt og framandt. Det tok ei tid før dei vart inviterte til å bli med på bedehuset. Den første som bad med seg Aslaug, var ei eldre misjonskvinne. Det vart ein dørøpnar til bedehusmiljøet. Seinare vart ho spurd om å bli leiar i misjonsforeininga for Ytre Sjømannsmisjon som det heitte då. Søndagsskulearbeidet var ho med i i mange år, og elles i lag og organisasjonar.

Aslaug har hatt nær tilknytning til kyrkja, og syntest det var kjekt å vere med i soknerådet der ho tidvis var leiar. Det var mykje arbeid, men ei rik tid. Som soknerådsleiar måtte ho av og til ta upopulære avgjerder, som då det var nødvendig å ta ned nokre bjørker som rotna innanfrå. Det førte til avisskriving. Det var ikkje kjekt, men det "gjekk seg til" att.

For mange år sidan hadde Lars med seg ein fagmann for å inspisere kyrkja. Då vart dei merksame på at opphenget til kyrkjeklokka var nesten avrusta og måtte reparerast straks. Dei vart også rådde til å lodde søylene inne for å sjå kor mykje kyrkja seig. Kven hugsar vel ikkje dei kraftige bardunane som stabiliserte henne. Etter kvart vart det synbert for alle at ei grundig restaurering måtte til, noko som vart gjort, og no kan vi gle oss over ei spesiell, vakker og solid kyrkje. Før det vart "Open kyrkje" i Tresfjord om somrane, kom det årvisst eit tysk reiseselskap hit. Reiseleiareren som var utdanna teolog, hadde stor glede av å vise fram Tresfjordkyrkja og fortelje om henne.

Aslaug såg tidleg behovet for å få til ei kyrkjestove i tilknytning til kyrkja, - eit prosjekt som vart arbeidd fram frå skepsis til glede. I dag står kyrkjestova ferdig, mykje brukt og til stor nytte!

Aslaug har alltid likt å skrive, og utallige prologar og dikt har det blitt. Til 150-års jubileet for Tresfjord kyrkje skreiv ho ein vakker prolog der ho i første verset skildrar Tresfjordnaturen. Vi tek med andre og tredje verset her i bladet. Vi takkar for praten og gratulerer med 85-årsdagen som var 9. august.



Prolog til 150-årsjubileet for Tresfjord kyrkje

Av Aslaug Bjermeland

Ved fjorden står kirka vår – stille og lav,
i dag er den samlingsstedet.
Vi takker vår Far for alt den gav
og samles med lovsang og glede.
Det er forsommer, såtid og grotid.
Det spirende kornet er bilde på liv.
Som såmenn i verden vi skal være med
og strø ut Ordet ved gry og kveld.
Vi må så i barnesinnet, mens jorda er myk og rein
og Ordet vil bli minnet, ofte til alderdom sein.
Ja, såmenn var det i Tresfjord
den gangen da kirka ble bygd.
Og dobbel betydning vi legger i det
at byggefondet betaltes med
Gudslånet korn, havre og bygg.
Det var djerne menn som i brodden gikk,
et vanskelig, årelangt arbeid de fikk.
Det ble blemmer, træler og vonde rygger.
Med handemakt var det de kirken bygget.
Ja, bygdens bønder til skogen dro.
Var det Søren og Pe – Lars eller Jo?
De hogde ned furu til søyler så fine,
som bærer kirka og pryder her inne.
En krone av gull i toppen de fikk,
de mektige vitner fra år som gikk.

Framhald neste side

Tenk bare på å få tårnet på plass,
 tenk på de løfta, lass etter lass.
 Kirkeklokker som bringer bud,
 Guds fred og kall over bygda ut.
 Vi kan gi oss den tid det trengs nå i dag,
 til å tenke på dem, som alene og i lag,
 tok initiativet, slitet og strevet,
 i ei tid da det var hardt nok å leve.
 Byggmester Erik og Tresfjords menn
 de reiste kirka vår – litt om senn.
 Så vakker og utskåret altertavle
 den ble betalt med 3 tønner havre.
 Prekestolen fra gamlekirka, den er nærmere 300 år,
 fremdeles står den i kirka vår.
 En Tresfjordbonde med rike evner,
 har forma stolen med sine hender.
 Vårt stor klenodie – antemensale –
 har gjennom århundre latt bildene tale.
 Vegger ble malt med surmelk og kritt,
 akantusranker, og stjerner litt etter litt.
 Vakre malerier fra gamlekirka kom,
 men nye fikk de også lage.
 Svensken Levin og østlendingen Torp
 var flinkest til slikt i de dage.
 Så kom den dagen bygget sto ferdig
 som Guds Ords tempel her i 150 år.
 17. juni – i dag som den gang –
 da klokkene først over bygda klang.

VESTNES KYRKJEKONTOR

Oppe måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

Finn Arne Roaldsnes, sokneprest

Telefon: 71184234 / 90829737

E-post: finn.arne.roaldsnes@vestnes.kommune.no

Signe Hellevik, sokneprest, Telefon: 71184236 / 91123045

E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær, Telefon: 71184232

E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Toril Lillebø Nerland, kyrkjevevje

Telefon: 71184235 / 48155034

E-post: kyrkjevevje@vestnes.kommune.no

Sigurd Moltubak, diakonileiar, Telefon: 71184237

E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor, Telefon: 71184230 / 95270346

E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar, Telefon: 90217404

Inger Marie J. Sylte, prosjektprest, Telefon: 71184238

E-post: ingermjakobsen@yahoo.no

Nina Kvernmo, Trusopplæringsmedarbeidar

Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik, Audbjørg Gjerde Lippert,
 Kari Moe Elgsaas, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

Kontonummer: 4056.20.62124

kyrkjebladet.vestnes@gmail.com

*Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag
 til stoff eller noko dei vil ha med i
 Kyrkjebladet, til å ta kontakt
 med redaksjonen. Takk!*

Frist neste nummer er 5. november.

*Gåver til drift og distribusjon av
 kyrkjebladet er kjærkomne.*

Kontonummer: 4056.20.62124

Sunnmøre Kristelege Mannskor i Vestnes kyrkje

Referat ved Kaare Lervik

Langfredag hadde Sunnmøre Kristelege Mannskor (SKRIM) under sin dirigent Svein Eiksund, det ein kan kalle konsertmøte i Vestnes kyrkje. Dei har vore her tidlegare, og dei er velkomne hit ved eit seinare høve. SKRIM blir populært kalla påskekolet, og det kjem av at skjærtorsdag og langfredag er turné dagar, noko som har lange tradisjonar. Koret kan i år feire sine 80 år.

Det kan sikkert diskutast kor personleg eit referat frå dette møtet skal vere, men det må vere tilgitt å seie at det var ei stor oppleving å få vere i kyrkja denne stunda. Koret song godt. I det ligg at koret har stor evne til formidling, til musikalsk framføring av songane, og sist men ikkje minst, må klangen i koret nemnast. Dette er slett ikkje noko ungdomskor. Veteranane har vore med i over 50 år. Eldstemann har passert dei 90, så forventningane til god korklang skulle ikkje vere så store, men alderen hindra ikkje denne musikalske opplevinga. Songane vart bundne saman med tekster både i form av poesi og prosa, og dette løfta budskapet fram på ein framifrå måte. Under møtet vart det teke opp offer til kristeleg ungdomsarbeid i fylket. Etter møtet var det høve til å kjøpe plata dei gav ut i samband med 75-årsjubileet. Elles kunne ein merke at her treffest kjenningar, mange glade ansikt var å sjå, og langfredag vart ein god dag.



Kvit messehakel til Vestnes kyrkje

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Endeleg er den kvite messehakelen på plass i Vestnes kyrkje. Det blei ei feststund for dei frammøtte palme-søndag, 1. april, då messehakelen blei vist fram for første gong. Tekstilkunstnaren Laila Endresen var til stades og orienterte om materiale og symbolikk i den kvite fest-drakta. Finn Arne Roaldsnes, som var prest denne dagen, fekk æra av å ha han på og vise han fram. 1. påskedag vart messehakelen teken i bruk.

Soknerådsleiaren i det førre soknerådet, Kaare Lervik, var mottakar av messehakelen. Han orienterte kort om historikken og prosessen fram til det ferdige produktet. Fleire sokneråd har hatt spørsmålet om kvit messehakel oppe til drøfting, men først i førre periode blei det vedtatt å sette idéen ut i livet. Eit utval blei sett ned for å ta kontakt med kyrkjetekstilkunstnarar og vurdere deira forslag. I dette utvalet sat Jofrid Aas, Helene Henriksen, Jorunn Eriksen og Audbjørg Lippert. Dei innstilte på Laila Endresens utkast. Sindre Taklo som noverande soknerådsleiar tok mot messehakelen frå Kaare Lervik.

Under konfirmasjonsgudstenestene i vår har messehakelen vore i bruk. Det er derfor mange kyrkjegjengarar som har fått høve til å studere han.



Vestnes kyrkje, ei langskipa trekyrkje, har eit roleg og «reint» inventar. I hovudsak er det glasmåleria, i tillegg til alterpartiet, som er utsmykkinga i rommet. For å skape heilskap er det teke omsyn til symbol og ornament i kyrkja ved utarbeiding av messehakelen. Hovudlinjene er den loddrette stolpen midt framme og bak. Den formidlar

forbindelsen mellom Gud og kyrkjelyden (himmel og jord). Framme på denne stolpen ser vi ein stige forma av gullband. Himmelstigen er symbol på lengten menneska har etter det fullkomne. Symbola som er brukte inne i stigen, dei små medaljongane, har felles tema: glede vi kan

kjenne i Kristus, og glede vi får møte i himmelen. Her har vi sommarfuglen, sigerskrona, lyset og misjonskorset. Sommarfuglen er rett nok ikkje representert i kyrkjerommet, og er heller ikkje nemnt i Bibelen, men han symboliserer det nye livet i Kristus for dei som tek imot. Sigerskrona viser til Jesus som konge. Han blei opphøgja etter fornedringa på korset. Lyset er også eit Kristussymbol: Kristus er verdas lys, og dette lyset kan vi vere med å gi vidare. Men det viktigaste symbolet er vel likevel det tomme korset, kristendommens hovudsymbol, som fortel om Jesus som døde for våre synder, men stod opp att 1. påskedag. Derfor kan vi med glede gå ut og forkynne den kristne bodskapen.

Bak har vi eit keltarkors som symbol, - eit latinsk kors med ein brodert ring bak. Det viser foreining mellom himmel og jord. I endane på korsarmane finn vi firpas, noko som går igjen fleire stader i kyrkja. Korset er i kvit silke på fløyel.

Den **kvite messehakelen** skal nyttast under feiring av høgtid - fest og glede. Materialet som er brukt, er ullstoff, fordi det held seg godt over tid. Men for å framheve at det er eit festplagg, er det plussa på med ulldamask, fløyel og litt silke, alle i lyse nyansar. I tillegg er det brukt gullband som konturar. Foret er gul silke. Elles ser vi at stoff og symbol harmonerer med pultkleda Bjørg Hustad har utarbeidd tidlegare.

Messehakelen vil utan tvil gjennom sine klare symbol vere med å styrke opplevinga av den kristne bodskapen for kyrkjegjengarar i lang tid framover.



Eit minne frå den katolske tida


Av Per Bjørn Ellingseter

Med reformasjonen i 1537 vart den evangelisk-lutherske kristendommen innført som statsreligion i Noreg. Likevel tok det tid før "det nye" slo gjennom, og minne frå den katolske tida har overlevd i folkeminnet heilt opp til våre dagar.

Mathias Vike (1875-1940) var lærar i Skorgen frå 1916 til 1940. "*Likaste læraren so he vore i Skorgen*", vart det sagt av ein av elevane hans. Mathias hadde som smågut lært ei bøn av bestemor si, *Hille Olsdr. Skeidsvoll* (f. 1799). Ho hadde igjen lært bøna av si bestemor, og Mathias meinte at denne bøna, eller sjelemessa, hadde fylgt slekta hans heilt frå tida då den katolske læra var rådande.

Mathias fortel vidare:

Då eg gjekk i barneskulen, skulde me ramse upp kvar si bøn utåboks siste timen kvar fredag og laut bu oss på det lenge fyreåt. Det var ein gamal skikk; ho godmor sa at læraren hennar, han Lars på Dala (Lars Øvstedal, bror til presten Nils Dahl) au brukte det so, men han vilde ikkje vite av denne bøna; for „me er ikkje katolikkara“, hermde ho etter han. Han Ivar Brovold, kyrkjesongar i Tresfjord, tok ho god nok når eg las ho åt honom. Men son hans, han Iver, som vikarierte før faren, vilde ikkje høyre henne. „Slik be katolikkarne“, sa han. Men me è ikkje katolikkara, hverken I enn du Matias, so du må gløyme denna“.



Mathias Vike var lærar i Skorgen i 24 år.

Men Mathias gløymde ikkje bøna. Han skreiv ned teksten etter minnet, og bøna lyder slik:

*Maria faldt på sine bare kne,
faldt tre tåra blod,
såg sin velsignede søn på korset,
fager og fin, mild og blid,
neglet og steglet gjennom hender og føter,
ni ganger gjennom Jesu hellige hjerterot.
Verden gafs derav,
løv og græs faldt derav
dyr og løve tok til å græte,
sol og måne møste sitt skin,
alle Guds engler burt de vil,
alle småfugler møtte snill.
I namn Gud fader kom jomfruen frem,
bar boken i hånden, lukk att barmen
og lukk upp den himmelske sæle:
Her skal alle sønderknuste sjele innlukkes.
Sæl og salig er denne mann som denne bøn rett lære og læse kan
av sit ganske hjerte, um han hadde so mange synder
som det haglet, regnet ned fra himmelen!*

Mariaweekend

26.-28. oktober blir det tradisjonen tro også i år Mariaweekend på Frænabu. I år har vi vært så heldige å få med oss Kari Olafsrud som taler. Hun er utdannet fysioterapeut, men har arbeidet i den tverrkirkelige organisasjonen Navigatørene de siste 20 år, som medvandrer og formidler. Hun gleder seg til å være sammen med oss, og til å tale over temaet for helga: "Som barn i ditt hus"- om selvbilde, gudsbilde og vennskap med Jesus. Ellers blir det mye sang og musikk, turer, tid til stillhet og samtaler, for dem som

ønsker det. Program blir lagt ut i kirkene i slutten av august, og det kan også tilsendes.

Påmelding skjer fra 15. sept. på mail: a-d-mo@online.no eller tlf: 98 66 37 40.

Kvinner fra Molde, Vestnes og Fræna menighet er med i arrangementskomitéen.

Anita D. Moltubak

Vårglimt frå Topp Safari

Topp Safari er eit trusopplæringstiltak for barn i alderen 0-12 år tilhøyrande Vike og Tresfjord sokn. Kvart år vil kvar aldersgruppe få invitasjon til eit tilpassa opplegg der dei vil bli kjent med ulike bibelhistorier, kyrkja si og den skapte naturen rundt oss: 0-1 år babysong, 2-3 år kyrkja sin bursdagsfest, 4-5 år undretur i fjøra, 5-6 år julespel, 8-9 år bygging, 10-11 år fisketur, 12 år overnatting i fjellet.

Fisketur på Vikebukt

I starten av juni vart 10- og 11-åringane i Vike sokn inviterte til fisketur på Vikebukt. Fredag ettermiddag møtte Emil Balstad og Asbjørn Gisnås opp på Bårdsplassen for å ta ut med båtane sine og sette garn i lag med dei påmelde. Laurdag formiddag for dei ut att for å dra opp garna. Her var det mykje fisk av ulik art som var filetert for å lage fiskepakkar som vart steikte på bålet. Dette smakte godt. Nina Kvernmo, trusopplærar frå kyrkjekontoret, underviste i bibelhistoria om brød- og fiskeunderet då 5000 vart metta. Symbolet fisk er ein gjengangar i Bibelen, og også i trusformidlinga for denne aldersgruppa. Det vart eit flott opplegg, der regnet heldt seg på akkurat passe avstand.

Kyrkja sin bursdagsfest

2- og 3-åringar i Tresfjord og Vike sokn vart i pinsehelga inviterte til å feire kyrkja sin bursdagsfest. Små hender plukka blomar ute for så å sette dei i vase. Desse blomane pynta opp alteret i Tresfjord kyrkje. Alle barna fann ei gåve som låg i døypefonten, der dei sjølve ein gong fekk vatn over hovudet. Symbolikk rundt dåp og pinse vart snakka om: det at den Heilage Ande då blir så synleggjort. Trusformidlinga om pinsa er vanskeleg å forstå for så små, men den kan foreldra ta med seg og fortelje barna sine seinare. Derimot er festbordet med kaker noko som alle med svoltne magar forstår seg på.

Hurra for kyrkja vår!!!



Kyrkja sitt festbord er dekket for 2 og 3 åringane i Tresfjord og Vike sokn.



Små hender pynter alteret med markblomar.

11 åringer i Vestnes



kommune, noter datoane:

Lys vaken i Tresfjord: 17. november

Lys vaken i Vike: 17. november

Lys vaken i Fiksdal: 01. desember

Lys vaken i Vestnes: 01. desember

Hausten sine datoar for Topp Safari:

Babysong for 0-1 år: Siste tysdag kvar månad. Tilbodet vekslar på å vere i Vike kyrkje og i Tresfjord kyrkjestove. Oppstart babysong blir i Tresfjord kyrkje tysdag 28. august kl 11.00.

25. august: Overnatting for 12-åringar (Vike og Tresfjord sokn)

08. september: Undretur i fjøra for 4- og 5-åringar (Vike og Tresfjord sokn)

08. september: Bygging for 8- og 9-åringar (Vike og Tresfjord sokn)

08. september: Fisketur for 1-åringar (kun tilhøyrande i Tresfjord sokn)

Desember: Julespel for 5- og 6-åringar (kun tilhøyrande i Tresfjord sokn)

Søndagsskulen i Tresfjord

Av Inger Marie Jakobsen Sylte (på vegne av Tresfjord sokneråd)

Tresfjord sokneråd har hatt søndagsskule siste søndag i månaden dei siste åra. Søndagar kl 11.00 møtest barn, foreldre og besteforeldre opp i kyrkjestova. Her blir det sunge mange songar, ei bibelhistorie blir fortald og ein aktivitet blir gjennomført. Ein av veggene i kyrkjestova er blitt dekorert med mange av dei flotte teikningane som barna har laga. Søndagsskulen i Tresfjord har hatt eit stigande oppmøtetal denne våren, noko som gjer at vi frå hausten av vil tilby søndagsskule annakvar søndag. Marit Gjul og Inger Marie J.Sylte har vore faste leiarar. Til hausten blir det også med to nye unge: Liv Turid Hubred og Maria Løvik Salte. Dei deltok litt og hjelpte til med praktiske ting på søndagsskulen fleire gonger i vår. Det er så kjekt når fleire vil bli med og lage eit tilbod for barn. To gonger i vår hadde vi søndagsskulen ute. Ein gong vart det tur opp til Inger Marie J.Sylte. Då fekk barna høyre om Noahs ark, og dei fekk leike med ulike bamsar og andre leikedyr. Sidan blomsterenga stod på sitt finaste, måtte det bli sommarfuglfanging som aktivitet denne dagen. Søndag 17. juni hadde vi sommaravslutning på idrettsplassen, og dagen var prega av lek og moro. Noko som er spesielt hyggeleg på søndagsskulen i Tresfjord, er alle dei besteforeldra som tek med seg barnebarna sine for å oppleve dette tilbodet saman med dei. Vi har alltid

kaffi å tilby både til foreldre og besteforeldre, så kom gjerne og smak.

Søndagsskule til hausten i kyrkjestova kl. 11.00 – 12.30:
26. august, 09. september, 16. september (hausttakkefest i kyrkja), 07. oktober, 21. oktober, 04. november, 18. november (familiegudsteneste), 02. desember, 27. desember (3.dagsfest i kyrkjestova).



Sommaravslutning på idrettsplassen med andakt, lek og god mat.

Vestnes KRIK

Av Ingrid Gisnås

Mykje har skjedd det siste året i Vestnes KRIK: fantastiske turar, spanande aktivitetar, godt fellesskap og ikkje minst – givande KRIK-treningar! No startar vi på igjen! Første trening er **fredag 24. august**, og treningane vil halde fram annankvar fredag utover hausten. Treningane er frå kl. 20.00-22.00 i Vestneshallen, altså to timar med sport, lek, moro og andakt. Det blir også ein «Bli-kjent-tur» i løpet av hausten, samt samlingar for KRIK 16+. Er du i aldersgruppa 8. klasse og oppover: Bli med, da! Bileta er frå nokre av turane våre siste året.



Boblebadet var populært då vi var på Moldebadet.



Konkurransar i alle former kjenneteiknar Vestnes KRIK.



Krossamling på fjorårets «Bli-kjent-tur».

Fotoklubben i Fiksdal

Av Kari Nakken

Hausten 2011 vart fotoklubben i Fiksdal starta. Det er soknerådet sitt nyaste tilbod innan trusopplæring for ungdom i alderen 12 til 18 år. Klubben held til i kyrkjelydshuset.

Prosjektet i 2011 var å lage femti kalendrar i samarbeid med styret for kyrkjelydshuset. Startkapitalen frå soknerådet gjekk med til dette, noko som ga kr. 7500.- i klubbkassa. Hausten 2011 fekk soknerådet også midlar til fotoklubben frå Sparebanken Møre. Dette ga høve til å kjøpe tre kamera og mykje anna nødvendig utstyr.

I år har klubben bevisst arbeidd fram mot ei fotoutstilling som fann stad på kyrkjelydshuset 24. juni, - og med godt frammøte. Mange fine bilde var utstilt, og salet gjekk bra. Styret for huset sørge for kaffi og gode kaker.

Der var eit historisk hjørne med gamle fotoapparat og bilde som viste noko av utviklinga fram til det nydelege "slide-showet" som vart vist på lerretet. Det hadde temaet "Hender gjennom livet". Litt av ei forandring!



Nytt lydanlegg i Vestnes kyrkje

Av Sindre Taklo, soknerådsleiar Vestnes sokn

Dei fleste har vel merka seg at kvaliteten på høgtalarlyden har vorte monaleg betre. Det førre soknerådet var bestillarar av det nye og flotte lydanlegget som er levert av Molde Forum. Trådlause mikrofonar og myggar skal saman med nye høgtalarar og styringssystem vere med på å bringe bodskapen ut til kyrkjelyden. Det nye soknerådet vonar at det nye anlegget saman med teleslynga skal gjere det lettare for dei med hørselsvanskar å ta del i kyrkjelege arrangement.

Eit nytt lydanlegg er eit stort økonomisk løft for soknerådet sin økonomi. Neste store investering i teknologiske nyvinningar vil vere montering av projektorar og lerret. Eit slikt prosjekt vil vere krevjande økonomisk, og det må gjerast nøye vurderingar av plassering og utsjånad når ein skal ta ny teknologi i bruk i gamle kyrkjebygg. Soknerådet vil byrje å arbeide med dette prosjektet i haust.

Kyrkjebasar fredag 19. oktober

Av Sindre Taklo, soknerådsleiar Vestnes sokn

Den årvisse kyrkjebasaren vert i år arrangert fredag 19. oktober på Vestheim. Basaren er den viktigaste inntektskjelda til Vestnes kyrkjelyd. Soknerådet vil på førehand takke dei som år etter år legg ned ein formidabel innsats for å få arrangementet vel i hamn. Gevinstar skal lagast og skaffast til veie, lodd skal seljast, mat skal kokast, bord skal ryddast osv. Alt dette dugnadsarbeidet er med på å skaffe midlar til arbeidet i kyrkjelyden.

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døypte:

25.03 Mia-Elvira Gjelsten-Løken
25.03 Mathias Lundgren
01.04 Carlos Arne Gravdehaug
01.04 Arian Elis Nerhus Mikalsen
22.04 Marie Kolberg Stenødegård
22.04 Lukas Engeskar Skålhavn
27.05 Elise Moen Bjermeland
27.05 Hedda Moen Bjermeland
27.05 Aksel Misund Fiksdal
27.05 Mariell Frostad
27.05 Victoria Møller Frostad
01.07 Jakob Hollingsæter Alvsåker
01.07 Ada Charlotte Neraas
08.07 Guro Øyen Eidhammer
(døpt i Tingvoll)
05.08 Simon Løvik Osdal
05.08 Birk Høgseth
05.08 Kristina Svensli Ulvestad
26.08 Olea Overaa Hole

Vigde:

02.06 Hege Haugen og Arnfinn Dalhaug
16.06 Jeanette Madsen og Arnstein Furland
14.07 Bente Lien og Sveinung Hestmark
28.07 May Liss Taklo og Raymond Lien
28.07 Jurgita S. og Jan Rune Ødegård
11.08 Elisabeth Aas og
Anders Lid Krogsæter

Døde:

17.03 Anny Berg
21.03 Eivind Dragnes
21.03 Jon-Ståle Runde
22.03 Tor Åge Nautnes
23.03 Leif Stokkeland
09.04 Sigrid Kristine Fiksdal
10.04 Rune Lillevik

03.05 Aud Huse
21.05 Martin Øverås
13.06 Norun Uren
16.06 Aslaug Edvardsen
21.06 Kirsti Alvsåker
29.06 Gudrun Marie Rødseth
15.07 Odd Sivertsen
27.07 Targerð Bråna
30.07 Reidar Eide
05.08 Karsten Frostad

Fiksdal kyrkje

Døypte:

08.04 Thomas Ringsby
08.04 Tobias Ringsby
08.04 Thor Ole Ringsby
15.04 Gaute Wernberg Aas
12.05 Marius Lereggen Dragnes
08.07 Magnus Kristoffer Müller Selnes

Vigde:

12.05 Lisbeth Lereggen og Kent Dragnes
07.07 Signe Antonie Svartdal Sveia
og Vidar Sanden

Døde:

14.04 Dagnar Emil Abelsen
08.07 Torbjørn Aursøy
07.08 Kaspara Gjelstenli

Vike kyrkje

Døypte:

06.04 Veronica Lyakhovyn Krogseth
05.08 Marius Leikarnes-Villa

Døde:

03.05 Birger Magne Nerbo
17.06 John Frisvoll
26.07 Agnes Margrethe Krogset

Tresfjord kyrkje

Døypte:

18.03 Emma Sofie Sponberg Dale
18.03 David Leander Skorgenes Baltzersen
09.04 Haley Nybø Skjegstad
17.06 Johanne Samseth Grønås
(døpt på Stall Kjersem)
17.06 Jenny Samseth Grønås
(døpt på Stall Kjersem)
17.06 Helene Lindset-Øvstedal
(døpt på Stall Kjersem)
17.06 Iver Lindset Våge
(døpt på Stall Kjersem)
19.08 Synne Alice Domaas Hoem

Vigde:

07.07 Ane Lyche Haarr og
Edvard Breivik
14.07 Therese Furland og Terje Sylte
(vigd Stall Kjersem)
21.07 Inger Elisabeth Vik og
Sveinung Bjørkevoll Dragnes
04.08 Jeanette Kjersem og
Jan-Arve Beinset

Døde:

20.03 Anny Kjersem
26.03 Marie Helene Bergum
23.04 Eirin Rypdal Gjul
25.04 Liv Frøsøye
19.06 Hogne Skeidsvoll
12.07 Jorunn Oddny Bruaset

Optimisme på Vikebukt

Av Liv Gisnås

Vi står framfor eit nytt semester. På Vikebukt gler vi oss til for fullt å ta i bruk den nyrenovert kyrkjekjellaren vår. Vi fekk han ferdig til pinse. Da vart han tatt i bruk til konfirmasjonsfest, og det høvde han visst godt til! Vi har kjøpt inn dekketøy til 36 personar. No står det att å kjøpe nye bord og stolar. Vi vil nytte høvet til å takke alle som har deltatt på dugnad og gitt pengegaver til oppussinga! Vi gler oss også over at kyrkja

vår var full fleire gonger sist vår. På ballmiddagen i april selde vi 123 porsjonar med potetball. 17. mai hadde vi ei flott gudsteneste med flaggborg ved konfirmantane og musikk ved korpsmedlemmer. Kyrkjelyden var større enn på fleire år. Pinsedag var vi ca 200 på ei feststemt og høgtideleg konfirmasjonsgudsteneste, og den glade budskapet har blitt forkynt klårt og reint. Vi er takksame.

Gudstenester i Vestnes

26. august 13. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl 11.00
Konfirmantpresentasjon, Helland.
Takkoffer til konfirmantarbeid.

02. sept. 14. s. i treeinigstida

Fiksdal kyrkje kl 11.00
Konfirmantpresentasjon. Konfirmantjubiläum.
Takkoffer til eige arbeid.

09. sept. 15. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl 11.00
Hovudgudsteneste. Presentasjon av forslag til ny liturgi. Takkoffer til Trusoplæring.

Vike kyrkje kl. 16.00
Hausttakkefest. Utdeling av bok til 2- og 4-åringar. Konfirmantpresentasjon.
Takkoffer til trusoplæringa i soknet.

16. sept. 16. s. i treeinigstida

Tresfjord kyrkje kl 11.00
Hausttakkefest. Utd. av 4-årsbok.
Takkoffer til Topp Safari.

23. sept. 17. s. i treeinigstida

Fiksdal kyrkje kl 11.00
Hausttakkefest. Utd. av 4-årsbok.
Takkoffer til Misjonsprosjektet.

Vestnes kyrkje kl 16.00
Hausttakkefest. Utd. av 4-årsbok.
Takkoffer til Misjonsprosjektet.

30. sept. 18. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl 11.00
Misjongudsteneste for alle 4 sokna.
Takkoffer til Misjonsselskapet.
Søndagsskule.

07. okt. 19. s. i treeinigstida

Vike kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste. Utdeling til 3. og 5. klasse. Takkoffer til Romsdal søndagsskulekrets.

14. okt. 20. s. i treeinigstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Kirkens Bymisjon.

21. okt. 21. s. i treeinigstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Amnesty Internasjonal.

Tomrefjord bedehus kl. 18.00

Forenkla høgmesse. Konfirmantane deltek.
Takkoffer.

28. okt. Bots- og bededag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Bots- og bededagsgudsteneste.
Takkoffer. Søndagsskule.

04. nov. Alle helgensdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.00
Forenkla høgmesse.
Takkoffer til IKO.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00
Forenkla høgmesse.
Takkoffer til diakoniarbeidet.

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer. Søndagsskule.

Vike kyrkje kl 11.00
Høgmesse. Takkoffer til diakoniarbeidet i prestegjeldet.

10. nov. Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00
Ungdomsgudsteneste v/ KRIK.
Takkoffer KRIK Vestnes.

11. nov. 24. s. i treeinigstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste.
Utd. av bibel til 5. klasse.
Takkoffer til Kyrkjelydshuset.

18. nov. 25. s. i treeinigstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste. Utd. av Nytestamente til 5. klasse. Takkoffer til Bibelselskapet.

Vestnes kyrkje kl. 18.00
Familiegudsteneste.
Utd. av bibel til 5. klasse.
Takkoffer til Misjonsprosjektet.

25. nov. Kristi Kongedag

Vike kyrkje kl. 18.00
Lysmesse. Konfirmantane deltek.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Er du barn og glad i å synge?

Her er tilbodet for heile kommunen:

Babysong

Velkommen til babysong tysdag 11. september kl. 11.00-13.00. Vi held til i kjellaren på kyrjekontoret og har babysong annankvar tysdag. Her blir det song, dans og mat. Kjøp lunsj med drikke for 30 kr.

Jubelgjengen 4-8 år

Korøvinga startar torsdag 13. september kl 17.30 i Vestnes kyrkje. Fram til jul øver vi på kjente og kjære barnesongar, samt morosame og rytmiske songar. Ta gjerne med sysken!

Soul Children

Viss det er stor interesse for dette, startar vi i januar 2013. Dette blir eit kor for dei i alderen 10-16 år. Songane hentar musikk frå stilartane gospel, soul, rock, pop og Hip-Hop.



Liv og røre på babysongen.



Alltid godt med lunch på babysong.